

SØNDAG FOR DE FORFULGTE

MESSE

FOR DEI FORFØLGDE

Etter Den norske kyrkjas Ordning for hovudgudsteneste, nærare bestemt:

Temagudsteneste – For forfølgde – forteljingsteksten.

Om temagudsteneste, se: Gudstenestebok for Den norske kyrkja, side 2.105.

Om temaet For forfølgde, se: Tekstbok for Den norske kyrkja, side 563 og 680.

I denne gudstenesta brukast **forteljingsteksten** til *Temagudsteneste – For forfulgte*, altså Stefanusforteljinga i Apostelgjerningane.

Meir stoff om Stefanusforteljinga finst i [RESSURSBANKEN](#) på våre nettsider.

K = kyrkjelyden

A = alle

L = liturg (gudstenesteleiar, prest eller ein annan person som har fullmakt til å forretta hovudgudsteneste)

ML (medliturg) = tekstlesar(ar), bøneleiar, nattverdsmedhjelpar(ar), forsangar(ar) m.m.

I SAMLING

1 FØREBUING

Kyrkjerommet kan vera ope ei stund før gudstenesta, med høve til å tenna lys og sitja stille, i ettertanke og bøn. Nytt gjerne synlege bilete/symbolar (piggtråd o.l.) som let tankane krinsa omkring temaet i dag.

Klokkeringing

Tre klokkeslag

2 INNGANGSSALME

Evt. med prosesjon.

Salmeforslag:

Kristus er verdens lys 101

Du Ord frå alle æver 77

3 INNGANGSORD

L: Kjære kyrkjelyd. Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

K: Amen.

stefanus
alliansen



sammen for de forfulgte

Informasjon om gudstenesta i dag

Tips til formuleringar:

L: Velkomen til «Søndag for dei forfølgde» / «Messe for dei forfølgde» / «Temagudsteneste for forfølgde» i _____ kyrkje.

- I gudstenesta i dag skal vi retta blikket mot den forfølgde kyrkje.
- I mange land krenkast innbyggjaranes rett til trusfridom kvar einaste dag.
- Vi ynskjer å stå side om side med kristne som diskriminerast eller vert forfølgd for trua si.
- Vi er sameina med dei i Jesus Kristus, og i dag vil vi sjå dei og be for dei.

4 SAMLINGSBØN

ML: Lat oss takka og be.

Takk, gode Gud, for at vi får koma hit i dag og vera saman for ditt andlet.

Du ser alle våre sysken som ikkje har høve til å samlast i fridom, slik vi kan.

Lat opp augo og hjarta våre, så vi kan sjå og kjenna at alle dine born,

både frie og forfølgde, er sett og elska av deg.

Saman er vi Jesu Kristi kropp på jorda.

Hjelp oss å leva slik at denne sanninga blir synleg i våre liv.

Vi ber i Jesu namn.

A: Amen.

5 SYNDSVEDKJENNING

Tematisk syndsvedkjenning for dagen (eller bruk ei anna syndsvedkjenning):

L: Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

A: Gud, du har kalla oss til å vitna om deg i ord og i gjerning.

Ofta har vi gløymd våre forfølgde sysken som lider for navnet ditt si skuld.

Vi har ikkje høyrd deira rop om hjelp.

Vi har vore for upptekne av vårt eige til å ta innover oss

at alle dine born på jorda er éin stor syskenflokk.

Tilgjev oss, for Jesu Kristi skuld.

Gje oss evne og vilje til å sjå dei som lider og å elska dei.

L: Guds ord seier: Dersom vi vedkjenner oss syndene våre, er han trofast og rettvis, så han tilgjev oss syndene og rensar oss for all urett.

6 BØNEROP KYRIE

7 LOVSANG GLORIA

Bruk kyrkjelyden sitt faste opplegg. Er det dåp, leggjast den her.



8 DAGENS BØN

Kan utelatast dersom man har hatt samlingsbøn. Ellers kan denne bønne gjerne brukast:

L: Lat oss alle be.

ML: Jesus Kristus, du som vart krossfest, bind saman ditt folk i heile verda.

Vern dei som blir forfølgde, og ver hos dei som lid.

Du som er forsvarar for dei rettslause og høyrer ropet frå dei forfølgde:

Gi oss vilje og visdom til å hjelpe, og gjer oss trufaste i bøna.

Hald di kyrkje oppe med krafta frå krossen, og styrk oss alle i den trua som sigrar.

K: Amen

II ORDET

Her brukast forteljingsteksten som er sett opp for *Temagudsteneste – For forfølgde*:

Apg 6,8-15; 7,55-8,1. (Jamfør Tekstbok for Den norske kyrkje, side 680.)

9 FØRSTE LESINGA

L: Vi som har fridom til å lesa i Bibelen kvar dag, utan frykt for truslar eller angrep, lat oss høyra Guds ord.

ML: Det står skrive i Apostelgjerningane, i det sjette kapitlet.

Stefanus var full av nåde og kraft og gjorde store under og teikn mellom folket. Då stod det fram nokre frå den synagogen som vart kalla «Synagogen for frigjevne og for kyrenearar og aleksandrinarar». Saman med jødar frå Kilikia og Asia gav dei seg i ordskifte med Stefanus. Men dei kunne ikkje stå seg mot den visdom og ånd som han tala med. Då fekk dei i løynd lokka nokre menn til å seia: «Vi har høyrte han seia spottande ord mot Moses og Gud.» På den måten eggja dei opp folket og dei eldste og dei skriftlærde. Og dei gjekk mot han, greip han og drog han med seg inn for Rådet. Der førte dei fram falske vitne som sa: «Denne mannen held ikkje opp med å tala mot denne heilage staden og mot lova. Vi har høyrte han seia at denne Jesus frå Nasaret skal riva ned heilagdomen og endra dei skikkane som vi har fått overleverte frå Moses.» Då feste dei auga på han, alle som sat i Rådet, og dei såg at andletet hans var som eit engleandlet.

Slik lyder Herrens ord.

K: Gud vere lova.

10 BIBELSK SALME / SALME

Salmeforslag:

Din, o Jesus, din å være 413

Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte 339



sammen for de forfulgte

11 ANDRE LESINGA

ML: Vi leser vidare i Apostelgjerningane, frå det sjuande og åttende kapittel.

Men fylt av Den heilage ande vende Stefanus auga mot himmelen, og der såg han Guds herlegdom og Jesus stå ved Guds høgre hand. Då sa han: «Eg ser himmelen open og Menneskesonen stå ved Guds høgre hand.» Men då skreik dei høgt og heldt seg for øyra, og alle som ein storma dei mot han. Dei dreiv han ut av byen og steina han. Og vitna la kappene sine ved føtene til ein ung mann som heitte Saulus. Dei steina Stefanus medan han bad og sa: «Herre Jesus, ta imot mi ånd.» Så fall han på kne og ropa høgt: «Herre, tilrekna dei ikkje denne synda!» Då han hadde sagt det, sovna han inn.

Same dagen braut det ut ei hard forfølging mot forsamlinga i Jerusalem. Alle så nær som apostlane vart spreidde omkring i Judea og Samaria.

Slik lyder Herrens ord.

M: Gud vere lova.

12 EVANGELIUM

Halleluja / Salme

Etter den fyldige Stefanusteksten kan evangelieteksten gjerne flyttast til neste punkt (heilt først i preika).

Salme før preika (kan gjerne vere 1-2 vers); salmeforslag:

Jesus, det eneste	422
Vidunderligst av alt på jord	529
Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte	339

13 PREIKE

RESSURSAR TIL PREIKA:

Fordjupning i Stefanusteksten og andre preike tips på www.stefanus.no

BØNEVANDRING

I staden for preike kan ein ha bønemandring, med stasjonar som på ulikt vis handlar om *forfølgde kristne* og *trusfridom*. www.stefanus.no

TIPS TIL FAMILIEGUDSTENESTE:

Sjå også ressursane våre til bruk i barnegruppar og søndagsskule www.stefanus.no



14 TRUVEDKJENNING Credo

Viss det er dåp i gudstenesta, kan truvekjenninga utelatast her.
Truvekjenninga kan gjerne syngjast: NoS 945 / N13 979.2

ML/L: Nå skal vi saman framsi den nikenske truvekjenninga. Den vart skriva i det fjerde århundret, men har røter enno lenger tilbake. Denne vedkjenninga nyttast av nesten alle kyrkjesamfunn i verda og er eit levande tekn på kristen einskap.

ML/L: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A: Vi trur på éin Gud, / den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord, / alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, / Guds einbårne Son,
fødd av Faderen før alle tider, / Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud, / fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.

Ved han er alt skapt.

For oss menneske og til vår frelse / steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy / vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, / leid og vart gravlagd,
oppstod tredje dagen etter Skriftene / og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen, / skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde, / og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande, / som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen, / som vert tilbeden og ære saman med Faderen og Sonen,
og som har tala gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.

Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene / og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda. / Amen.

15 SALME

Salmeforslag:

Skjult og nær meg i min neste	Last ned PDF m/tekst og notar
Kristus er verdens lys	101
Herre, når din time kommer	510
Jeg er i Herrens hender	494
Guds kirkes grunnvoll ene	532

III FORBØN

16 KUNNGJERINGAR

Ved ofring til Stefanusalliansen kan denne teksten brukast:

ML: Takkofferet i dag går til Stefanusalliansen sitt arbeid for trusfridom og forfølgde kristne.

Under mottoet «saman for dei forfølgde» formidlar Stefanusalliansen støtte, omsorg og praktisk hjelp til kyrkjer og enkeltmenneske verda over som forfølgjes eller undertrykkast fordi dei vedkjennar seg ei kristen tru. Kampen for trusfridom for alle står sentralt i arbeidet.

Stefanusalliansen ynsker å vere ei stemme for dei forfølgde, og samstundes ein kanal for kyrkjelydenes engasjement for dei som lid for trua si.

Stefanusalliansen samarbeidar med lokale kyrkjer, organisasjonar og enkeltmenneske og har ikkje eigne utsendingar. Det meiste av inntektane er gåver og innsamla midlar.

Stefanusalliansen arbeider særleg i den postkommunistiske og den muslimske verda, kor dei kristne er i ei utsatt posisjon. Gudstenester stansast av politifolk, kyrkjer blir angripte, mange kristne er på flukt – og enno fleire lev i skjul med trua si, av frykt for vold og utstøyting. Det er eit stort behov for hjelp.

Gjennom kyrkjelydens gåve i dag kan vi hjelpe våre forfølgde trussysken og kjempa for alle menneskes rett til trusfridom. Lat oss stå «saman for dei forfølgde» – takk for den gáva du gjer!

17 FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA

Det kan tennast eit lys i lysgloben for kvar bøn. Lat gjerne personar av ulik nasjonalitet og alder tenna lysene, som eit synleg tekn på at vi hev kristne sysken over heile jorda.

Ein kan også «klippa ut» nokre av bøneledda nedanfor og «lima inn» i si eige forbøn.

L/ML: Evige Gud, takk for at vi får kome til deg med alle våre bønner.

Vi veit at du høyrer når vi ber.

K: Herre, høyr vår bøn. / Gud, vi ber. *(Eller anna sjølvvald bønesvar.)*

L: I dag vil vi lyfte fram for deg alle kristne sysken som lid under ufridom, undertrykking og forfølging.

Hjelp oss å hugse på dei,
så vi kan stå saman med dei i bøn og handling.

K: Herre, høyr vår bøn.

L: Vi ber om at dei forfølgde vil setje si von og sin tillit til deg.

Vern om dei som møter forfølging for ditt namns skuld.
Gje von til våre forfølgde sysken.

K: Herre, høyr vår bøn.

ML: Vi ber om at forfølgning tek slutt der det skjer, og at det blir ekte trusfridom. La utsette få oppleve rettferd. Vi ber om at overgripingar og valdsmenn må haldast ansvarlege for handlingane sine.

K: Herre, høyr vår bønn.

L: Velsign og vern om alle som er drivne på flukt på grunn av trua si. Lat dei kjenne at dei ikkje er ålene. Gje dei tryggleik og kraft på den farefulle vegen mot ei ny heim.

K: Herre, høyr vår bøn.

L: Vi ber for alle born som blir krenka som fylgje av trua si. Vi ber om at du må verne borna frå varige skader, både i sjela og kroppen. Der borna er komne bort frå sine familiare sine, ber vi om at du tar vare på dei til familiare kan koma saman igjen.

K: Herre, høyr vår bøn.

L: Vi ber om velsigning for alle som arbeider for trusfridom i stengde land. Hald di hand over dei som forkynner evangeliet i eit fiendtleg miljø. Gje dei tryggleik, klokskap og styrke til å halde fram.

K: Herre, høyr vår bøn.

L: Evige og gode Gud, himmelske Far, vi takker for at du har kalla oss til å vere lys og salt i verda. Gje oss mot og vilje til å vere hendene og føtene dine. Gje oss vilje og kraft til å stå saman med våre forfølgde sysken. Kom med rettferd, kjærleik og forsoning.

K: Herre, høyr vår bøn. Amen.

Alternativ til vanleg forbøn:

- Forslag til forbøn i familiegudsteneste/med konfirmantar e.l.) www.stefanus.no
- «Litani for dei forfølgde», med musikk/sats www.stefanus.no
- Bønevandring: www.stefanus.no

18 TAKKOFFER FRÅ KYRKJELYDEN

Kan samlast inn her eller under nattverdssalmen i ledd 19. Bruk kyrkjelyden sitt faste opplegg.

IV NATTVERD

19 FØREBUING AV MÅLTIDET

Salme

Salmeforslag:

Du, de forfulgtes Gud 80
Da jeg trengte en neste 671

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 18. Ein samlar inn takkofferet under salmesongen og ber det fram medan altarbordet blir dekt. Førebuina kan slutta med ein kort bøn (henta frå Gudstenestebok for Den norske kyrkja):

L: Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål. Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

A: Ta imot oss og gavene våre i Jesu namn. Amen.

20 TAKKSEIING OG BØN

Helsing PREFASJONSDIALOG

Bruk kyrkjelyden sitt faste opplegg.

Innleiande lovprising PREFASJON

Bruk gjerne kyrkjeårsprefasjonen for Helgemessesøndag og martyrdagar (se Gudstenestebok for Den norske kyrkja, s. 2.70):

L: I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som var Frelsar og førebilete for alle dine heilage som har fullført løpet og teke vare på trua. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi óg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag SANCTUS

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda VERBA

Fadervår

Bruk kyrkjelyden sitt faste opplegg.

21 NATTVERDSMÅLTIDET

Fredshelsing PAX

Brødsbryting

Du Guds Lam AGNUS DEI



sammen for de forfulgte

Bruk kyrkjelyden sitt faste opplegg.

Utdeling

Under utdelinga kan det syngjast ein eller fleire salmar, korsang eller anna egna musikk.

Salmeforslag:

Jesus, livets sol og glede	604
Vårt alterbord er dekket	617
Skjult og nær meg i min neste	Last ned PDF m/tekst og notar
Guds kirkes grunnvoll ene	532
Vi er et folk på vandring	618

22 AVSLUTNING AV MÅLTIDET

Takkebøn

Forslag til takkebøn (frå Gudstenestebok for Den norske kyrkja):

L/ML: Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid:

Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt.

A: Vi bed deg: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrte, å sjå den nauda du har sett og å elske nesten vår som oss sjølve.

V SENDING

23 SALME

Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon (se nedanfor).

Salmeforslag:

Kristne, kom i morgenlyset	81
Du Ord frå alle æver	77
Kristus, konge, du regjerer	222

24 VELSIGNING

Bruk kyrkjelyden sitt faste opplegg.

3 x 3 BØNESLAG

25 UTSENDING

Dersom menigheten blir sittende under postludiet, kan utsendelsesordene sies etter postludiet.

Forslag til utsendelsesord (frå Gudstenestebok for Den norske kyrkja, side 2.84):

L/ML: Gud gav oss ikkje en ande som gjer motløs; vi fikk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom. Gå i fred.

26 POSTLUDIUM / UTGANGSPROSESJON

I stedet for postludium kan man synge salmen fra punkt 23 under utgangsprosesjonen.

LISTE OVER SALMEFORSLAG

SALMETITTEL	Nr. i Norsk Salmebok
Fader, som frå allmakts sete	74
Kristne, kom i morgenlyset	80
Du, de forfulgtes Gud	81
Din, o Jesus, din å være	413
Du Ord frå alle æver	77
Kristus er verdens lys	101
Solen på himmelen lukket sitt øye	191
Det skal ei skje ved kraft og makt	236
Herre, når din time kommer	510
Jesus, det eneste	422
Kristus, konge, du regjerer	222
Velt alle dine veier (velge noen vers)	464
Jeg er i Herrens hender	494
Vidunderligst av alt på jord	529
Guds kirkes grunnvoll ene	532
Guds menighet er jordens største under	536
Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte	339
Jesus, livets sol og glede (nattverd)	604
Vårt alterbord er dekket (nattverd)	617
Da jeg trengte en neste	671
Vi rekker våre hender frem	678
Noen må våke i verdens natt	738
Vi er et folk på vandring	618

Ikkje i Norsk Salmebok:

Skjult og nær meg i min neste

[Last ned PDF](#) m/tekst og noter

«Messe for dei forfulgde» blei utarbeida av Stefanusalliansen i 2012 og reviderast kvart år.
Gje oss innspill og respons! Skriv e-post til: post@stefanus.no